

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Når: 11. januar 2009 kl. 1530 – 1800

Frammøte: Magnus Solbakken, Torleif Fresvik, Randi Legård, Ingebjørg N. Seim

Fråver: Helleik Rabbe (rakk ikkje fram pga. føreproblem i fjellet)

Sak 01/09: Godkjenning av innkalling – merknad: møte må leggjast til vekedagar  
Underskriving av protokoll

Sak 02/09: Oppsummering av villreinjakta – 2008  
God jakt på Røldal statsallmenning; Hardangervidda – 40 felte dyr =  
64 % felling  
100 % felling på allmenningen i Setesdal/Ryfylke = 2 dyr  
Alle fellingsløyve kom inn i tide.  
Bukkejakt etter 25. september bør vurderast.  
Generell diskusjon om stammestorleik, struktur og evt. kvote 2009.  
Røldal fjellstyre ønskjer å videreføra samarbeidet med Ullensvang  
fjellstyre om samjakt.

Sak 03/09: Søknad om å byggja ny støl på Haukeli  
Det er kome søknad frå Jan Haslemo om å få byggja ny støl ved  
skyttarhytta. Dette på bakgrunn av utviding av dyretal og dyrehelse.  
Fjellstyret vil så langt det er mogleg hjelpa Haslemo slik at han fortsatt  
kan støla på Haukeli. Det å byggja ein heilt ny støl på omsøkte område ser  
me som vanskeleg fordi staden ligg i Ståvassvikjabeitet som allereie er leig  
ut som sauebeite. Dyrehald langs E134 med mykje trafikk og høg fart er  
lite ønskjeleg. Den nye vegtrasen over Haukeli kan koma til å gå tett ved  
denne staden. Det ville vore svært uheldig for stølinga. Godkjend  
avkøyring frå E134 må utbyggjer kosta, samt husvere og ystelokale som  
tilfredstillar mattilsynet. Haslemo har sagt seg villig til å ta kostnaden.  
Røldal fjellstyre oppfordrar Haslemo til å utbetra stølen i Hadlene, sel og  
fjos – samt å skilja beite frå Midtfjellsvollen med straumgjerde. Beite her  
ligg på solsida der dyra kan beita mykje tidlegare enn på andre sida av  
vegen. Vatnet ligg som eit særst godt gjerde! Røldal fjellstyre ønskjer  
familien Haslemo fortsatt mange gode år på Haukeli, me skal hjelpa så  
godt me kan.

Sak 04/09: Ørkyteproblematikk - Ståvatnet  
Det er påvist ørkyte i Ståvatnet og Kistetjønna. Grunneigarar er Statskog,  
Vågslid grunneigarlag og Røldal fjellstyre. Ørkyta er ein framad art i  
vassdraget som er næringskonkurrent til auren og dermed uønska. Me  
håpar å kunna stoppa spreiding vestover til Hadlevatnet i samarbeid med  
fiskeforvaltar. Torleif arbeider vidare med saken.

**Sak 05/09:** Styremøte i samarbeidsorganet

Magnus gjennomgjekk saklista som førte til diskusjon av dei ulike sakene. Det er Magnus som møter 16. januar 2009 på Haukelisetter.

**Sak 06/09:** Meldingar og skriv

- Nøkkeltalrapportering
- HFas, signal om tenestekjøp – 1.12.08 og info. 22.12.08
- Møtebok – Ulvik fjellstyre
- Møtebok - Øvre Numedal fjellstyre, 19.12.08
- Villreinutvalet – info om merking av villrein i samband med Rv 7
- Møteprotokoll, Eidfjord fjellstyre
- Info frå Sveinung Olsnes – heimeside 1.12.08
- Samarbeidsorganet, innkalling til møte 16.1.09

**Sak 07/09:** Mogleg andre saker

Snøscooterkøyring til Hellevass fører til jakt på stamfugl – rype, som igjen kan ha gjeve en permanent redusert bestand. Bør det settjast begrensing på jakttid? Magnus luftar spørsmålet i samarbeidsorganet. Saken kjem som ordinær sak på neste møte.

Ref. Ingebjørg

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Når: 11. mars 2009 kl. 1800 – 2100

Frammøte: Magnus Solbakken, Torleif Fresvik, Randi Legård, Ingebjørg N. Seim, Håkon Sandal

Fråver: Helleik Rabbe

Sak 08/09: Godkjenning av innkalling – underskriving av protokoll

Sak 09/09: Omplassering av gapahuk på Haukeli  
Saken er handsama før då det vart søkt om å setja opp ein gapahuk ved skyttarhytta for bruk til overnatting for pilegrimar. No er det bygd bru over Nupselva derfor kjem ynsket om å flytta gapahuken nærare brua. Røldal fjellstyre ser ingen problem med flyttinga, men ynskjer å vera med på endeleg plassering.

Sak 10/09: Vårmøte – Villreinutvalet m.m  
Det vert årsmøte i Villreinutvalet og i SfH 27.mars og ope møte om villreinforvaltning 28. mars på Skinnarbu. Magnus gjekk igjennom saklista og sakene vart drøfta. Magnus, Torleif og Håkon reiser. Ingebjørg melder på.

Sak 11/09: Kvoteforslag, Hardangervidda – villreinjakt  
Hardangervidda Villreinutval foreslår ei kvote på 1500 dyr med fordeling: 25% frie dyr, 45% simle/ungdyr og 30% kalv. Røldal fjellstyre meiner at 1800 dyr med same fordeling vil gje ein litt langsomare vekst i stammen, men med god kontroll.

Sak 12/09: Ørkyteproblematikk - Ståvatnet  
Det er påvist ørkyte i Ståvatnet og Kistetjønnna. Grunneigarar er Statskog, Vågslid grunneigarlag og Røldal fjellstyre. Det er umogleg å verta fri ørkyta. Men viktig å avgrensa utbreiing. Ei vitskapleg vassdragsanalyse er naudsynt. Den gjer Borgstrøm og Heun sommaren 2009. Det vert kalla inn til møte med involverte partar. Magnus og Torleif møter.

Sak 13/09: Avgrensa småviltjakt i Hellevass – vinterstid  
Bestanden av ryper er lav. Avgrensing av jakttida vinterstid kan berga nokre stamfuglar. Tiltak i Røldal åleine har liten effekt. Magnus tar kontakt med Odda og Ullensvang fellesstyre for drøfting av tiltak. Vedtak gjerast når resultatata av drøftingane ligg føre.

Sak 14/09: Fjellfestivalen på Haukeliseter  
Forespurnad frå Dorthe Huidtfeldt om styremøte i SfH kan leggjast til 11 – 14. juni. Då er det fjellfestival. Det er greitt for oss. Me foreslår tema: ørkyte som har vorte eit problem i vassdraga rundt Haukeliseter.

Dorthe nemnar og bladet "Villreinen" som slit med å overleva. Det delar me ut saman med jaktkorta.

Sak 15/09: Oppsynsutvalet har midlar til tiltak for barn og unge. Me søker saman med skulen om pengar til jegerprøve i regi av fjellstyret og viddatur med ungdomsskulen.

Sak 16/09: Mogleg andre saker  
Torleif undersøker med viltforvaltaren om mogleg kanadagåsejakt i fjellet.  
RRKH ligg påskevakt i Hellevass.

Sak 17/09: Meldingar og skriv  
E-post:

12.01.09	Hans Jørgen Jahren	styremøte ØNf, 16.12.08
14.01.09	Dorthe Huitfeldt	ref. møte mellom NFS og NJFF
14.01.09	H-vidda fjelloppsyn	info. kutt frå SNO
14.01.09	Dorthe Huitfeldt	kommentar - kutt frå SNO
15.01.09	Sveinung Olsnes	info. om Eriksbu
26.01.09	Dorthe Huitfeldt	Tiltakspakka
26.01.09	H-vidda fjelloppsyn	kommentar - tiltakspakka
29.01.09	Hans Jørgen Jahren	Vårmøte – H-vidda
29.01.09	Hans Jørgen Jahren	Re: Ny leder i SNO
02.02.09	H-vidda fjelloppsyn	Deltaking på fjellstyremøte
09.02.09	Dorthe Huitfeldt	Innkalling – styremøte, NFS
09.02.09	Dorthe Huitfeldt	Vedlegg til saklista
09.02.09	Dorthe Huitfeldt	Barskogvern – uttale
11.02.09	Helleik Rabbe	Info om møtedatoer
16.02.09	Lars Arne Bay	Tiltak for barn og unge – midler
17.02.09	H-vidda fjelloppsyn	Info om budsjett og underskot
19.02.09	Kjell Inge Skjerveggen	Gapahuk ved Ulevå
20.02.09	H-vidda fjelloppsyn	Info – heimesida (internett) til SfH
20.02.09	Hans Jørgen Jahren	Referat frå møte – SfH, 16.01.09
23.02.09	Hans Jørgen Jahren	Innkalling – vårmøte
23.02.09	H-vidda fjelloppsyn	Ordførarutvalet – brev om nedbygging av HF
24.02.09	Ullensvang fjellstyre	Fiskekort – felles
01.03.09	Helleik Rabbe	Påmelding – vårmøtet
03.03.09	Dorthe Huitfeldt	Haukelifestivalen + villreinen
04.03.09	Dorthe Huitfeldt	Ref. frå styremøte i Norsk Villreinsenter
04.03.09	Svein Conrad Sjusen	Fangstrapport – Røldal statsallmenning
05.03.09	Haukeliseter fjellstue	Sal av småviltjakt og fiskekort?
06.03.09	Hans Jørgen Jahren	Ref. frå møte i Øvre Nummedal fjellstyre
09.03.09	Ullensvang fjellstyre	Svar på henvending frå Haukeliseter
09.03.09	Dorthe Huitfeldt	Svar – Haukelifestivalen frå Ullensvang
09.03.09	Dorthe Huitfeldt	Svar – Haukelifestivalen frå Eidfjord
09.03.09	Hans Jørgen Jahren	Info – årsmøte i SfH

Ref. Ingebjørg

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Håkon Sandal og Ellen Drangevåg

Fråvær: Helleik Rabbe og Randi Legård

Tid: 14. mai 2009 kl. 1900 – 2200

Sak 18/09: Ingen merknad til innkalling  
Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 19/09: Godkjenning av rekneskap 2008  
Tor Petter Stensland la fram rekneskap og svarte på spørsmål  
Rekneskapet blei einstemmig godkjend

Sak 20/09: Priser på jakt og fiske

Rein	Fritt dyr	1000,-	2000,- (utanbygds)
	Simle/ungdyr	700,-	1400,-
	Kalv	300,-	600,-
Småvilt	1 dag	200,-	
	2 dagar	300,-	
	3 dagar	400,-	
	Veke	600,-	
	Sesong:	300,-	(innanbygds)
Garnfiske	sesong	250,-	(innanbygds, samt stong)

Jakttid, rein – 20.8 – 30.9 2009 kl. 0700 – 1900  
Overføring av kort er ikkje tillete før alle har fått tilbod om løyve

Sak 21/09: Utsetjing av fisk i Holmavatnet  
Morten Nilsen fiskar i Litlosvatnet, samlar i merd og flyttast over i Holmavatnet med helikopter. Me søker om landingsløyve.  
Føresetting er tilsegn frå Ullensvang fjellstyre.

Sak 22/09: Stand – Røldalsmarknaden  
Det vert sett opp liste med fordeling av vakter når arbeidslistene føreligg.

Sak 23/09: Salsplass ved skyttarhytta

Nils Åge Sandal søker om å få setja opp ein lavvo ved skyttarhytta for salsverksam. Det kan gjerast under forutsetning av skriftleg tilsegn frå beiteleigar og Statens vegvesen som føreleggjast fjellstyret.

Sak 24/09:

Orienteringssaker

Ørekyte: UMB – Ås ved R. Borgstrøm gjennomfører prosjektet i Ståvatnet med mer. Me søker fiskefond i Røldal og Telemark om økonomisk støtte.  
Veg – Dyrskar, gamlevegen oppom Ulvabotnen er omklassifisert til privat veg, stikkrenna er tett og må opnast. Lensmannen i Odda foretek naturskadetakst.

Kvotene – rein, 1500 – 25% frie dyr, 45% S/U, 30% kalv

Jegerprøven – det vert jegerprøve ved Nils Åge Sandal i oktober, oppslag

Sak 25/09:

Moglege andre saker

Samjakt – søknad frå HA 290. Vedtak: Røldal fjellstyre går inn for gjensidig samjakt med HA 290 for 2009. Frist for søknad 2010 er 1. mai. 09

Søknad om gevinst – Røldalsmarknaden: Jaktlotteriet – Magnus kjøper inn

Tynningsfiske – Hellevatnet, reglar for tynningsfiske gjeld i Uravatnet – vanlege reglar i Hellevatnet

Framtidige jaktordningar bør vera gjennomtenkte den dagen kvotene aukast.

Sak 26/09:

Diverse skriv og meldingar

Referat frå Eidfjord fjellstyre – aktuelle vedtak diskutert

Referat frå Ullensvang fjellstyre – aktuellevedtak diskutert

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Håkon Sandal og Randi Legård

Fråvær: Helleik Rabbe

Tid: 20. juli 2009 kl. 1800 – 2030

Sak 27/09: Ingen merknad til innkalling  
Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 28/09: Godkjenning av jakttid – villrein 2009  
20. august – t.o.m 30. september 2009 kl. 0700 - 1900

Sak 29/09: Overføring av jaktkort  
- Ingen overføring av jaktkort før alle på varamannslista har fått fellingsløyve på statsallmenningen  
- Jegerar som leverer inn kort før 1. sept. får att heile kortprisen  
- Jegerar som leverer inn kort før 10. sept. får att halve kortprisen

Sak 30/09: Tillatt jakt frå andre vald  
Røldal fjellstyre har inngått gjensidig samjakt med HA 290 og 300 i heile jaktperioden. Samjakt med Ullensvang på avgrensa areal frå og med 1. september 2009. Røldal fjellstyre vurderer å sleppa til gjestejegerar etter 10. sept.

Sak 31/09: Jakt på kanadagås  
Røldal fjellstyre opnar for jakt på kanadagås frå 10. august – detaljar kjem seinare

Sak 32/09: Orienteringssaker  
- gapahuk på Haukeli – Magnus var med på befarung for plassering  
- møteprotokoll frå Eidfjord  
- fylkesdelplanen – villrein, lokal planprosess – forsøk på utsetjing av høyringsfrist

Sak 33/09: Kvot  
Syd: S/K – 1 (simle/ungdyr+ kalv)  
Nord: S/K – 19  
S/U – 9 (simle/ungdyr)  
B - 16 (fritt dyr)

**Sak 34/09: Trekking**

**Syd**

1. Åsmund Tveita S/K  
Vara: Nils Ove Hauge  
Tor Nilsson  
Helge Hagen  
Nils Åge Sandal

**Nord**

- |                         |     |
|-------------------------|-----|
| 1. Inge Lynghamar       | B   |
| 2. Olai Hagen           | S/K |
| 3. Helleik H. Rabbe     | S/U |
| 4. Malvin Kvåle         | S/K |
| 5. Alf Medhus           | S/K |
| 6. Kjell Morten Kvåle   | S/K |
| 7. Kristen Seim         | S/K |
| 8. Pelle Gangeskar      | S/K |
| 9. Bjørn Fenne          | S/U |
| 10. Magnus Solbakken    | S/K |
| 11. Gjermund Lynghamar  | B   |
| 12. Ragnvald Medhus     | B   |
| 13. Nils tore Solbakken | B   |
| 14. Oddbjørn Lynghammar | B   |
| 15. Håkon Småbrekke     | B   |
| 16. Jan Ahlsen          | B   |
| 17. Annfinn Lynghammar  | S/K |
| 18. Oddvar Øvregård     | B   |
| 19. Nils Grøve          | B   |
| 20. Johan Ekkjestøl     | S/K |
| 21. Geir Kåre Nybø      | S/U |
| 22. Odd Inge Tvedt      | S/K |
| 23. Olaf Solbakken      | B   |
| 24. Nils Ove Hauge      | B   |
| 25. Inge Hamrane        | B   |
| 26. Reidar Hauge        | S/K |
| 27. Tor Nilsson         | S/U |
| 28. Håkon Sandal        | B   |
| 29. Johan Oppistov      | S/U |
| 30. Finn Torvanger      | S/K |
| 31. Jan Øvregård        | S/U |
| 32. Lars Seim           | S/U |
| 33. Oddvar Småbrekke    | S/K |
| 34. Tor Helge Tjemsland | B   |
| 35. Nils Gunvald Hamre  | S/K |

36. Nils Åge Sandal	S/K
37. Gulleik Saltvold	S/K
38. Jarle Seljestad	B
39. Tor Ingve Skavlid	S/K
40. Sveinung Skavlid	S/K
41. Frode Lykkebø	S/U
42. Jan Kjetil Ahlsen	B
43. Jørgen Lynghamar	S/K
44. Ove Lynghamar	S/U
Vara	
45. Helleik N. Rabbe	
46. Knut Aslak Seljestad	
47. Ingeborg Øyna	
48. Nils Tveito	
49. Nils Medhus	
50. Helge Hagen	
51. Tor Eivind Nybø	
52. Oddvar Lien	
53. Roger Lynghamar	
54. Dag Harald Bruleite	
55. Kjetil Småbrekke	
56. Bjarte Seljestad	
57. Odd Ivar Medhus	
58. Torleif Fresvik	
59. Nils Petter Rabbe	
60. Bjørn Gjerv	

#### Reglar vedteke av Røldal fjellstyre for 2009

1. Det er ikkje tillete med overføring av kort før alle varamennene har fått kort.
2. Det er ikkje tillete med jaktlag før alle varamennene har fått kort.
3. Jaktkort som vert innleverte til Røldal fjellstyre før 1. september, vert refundert 100 % og vidareselet til vara for same pris.
4. Jaktkort som vert innleverte til Røldal fjellstyre før 10. september vert refundert med 50% og vidareselet til vara for same pris.

**DEI SOM IKKJE TEK KORTA, MÅ GJE MELDING SÅ FORT SOM RÅD!**

Utdeling: Grendahuset, 10. august 2009 kl. 1800

Bibliok

Tilleggsinformasjon frå Røldal fjellstyre

Sak 31: Jakt på kanadagås; endring av vedtak av 20.07.09

Røldal fjellstyre opnar for jakt på kanadagås på Røldal statsallmenning frå og med 26. juli til og med 23. februar jamfør forskrift om utvida jakttid på kanadagås i Hordaland. Jegerar må ha betalt jegeravgift og løyst jaktkort for småviltjakt på Røldal statsallmenning.

Røldal fjellstyre

## Forskrift om utvida jakttid på kanadagås og stripegås, Hordaland

[Oversikt](#) [Hela forskriften](#) [Første](#) [Første](#) [Første](#)

Skriv ut 

### Forskrift om utvida jakttid på kanadagås og stripegås, Hordaland

**Heimel:** Fastsett av Fylkesmannen i Hordaland 4. juli 2008 med heimel i forskrift 1. februar 2007 nr. 112 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktesongene fra 1. april 2007 til og med 31. mars 2012, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om villet § 9.

#### § 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å avgrense bestanden av kanadagås og stripegås i Hordaland, på ein måte som gjer at desse framande artane skapar minst mogleg problem i høve til naturleg fauna og landbruksdrift.

#### § 2. Utvida jakttid

Jakttida på kanadagås og stripegås i Hordaland vert utvida med 15 dagar i forkant, og 2 månader i etterkant av den ordinære jakttida fastsett ved sentral jakttidforskrift. Jakttida på kanadagås og stripegås er dermed frå og med 26. juli til og med 23. februar i Hordaland fylke.

#### § 3. Varrigheit

Forskrifta gjeld inntil den vert avløyst i pakt med endringar ved revisjon av ny sentral forskrift om jakt- og fangsttider.

#### § 4. Straff

Brot på denne forskrifta blir straffa etter villloven § 56.

#### § 5. Verksetjing

Forskrifta trer i kraft straks.

[Første](#) [Første](#)

Databasen sist oppdatert 16. juli 2009

Bibliothek

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Svein Myrheim og Randi Legård

Fråvær: Helleik Rabbe, Håkon Sandal, Magnus Solbakken

Tid: 19. november 2009 kl. 1800 – 2030

Sak 35/09: Ingen merknad til innkalling  
Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 36/09: Ørekyte i Ståvatnet  
Professor Reidar Borgstrøm ved Universitet på Ås har i løpet av sommaren tatt ut ørekyte i Ståvatnet. Prøvene vert no analyserte og rapport føreligg i desember.

Sak 37/09: Jegerprøvekurs  
Det vert jegerprøvekurs på nyåret ved Nils Åge Sandal. Han treng noko opplæring og ein ny autorisasjon før me kan starta opp. Oppstart vert mest sannsynleg i februar/mars 2009. Kurset vil gå føre seg på skulen og går over 30 timar.

Sak 38/09: Villreinmøte – Eidfjord  
Møteprogrammet for oppsummeringsmøtet blei gått igjennom. Helleik, Torleif og Randi deltek laurdag 5. desember. Torleif møter på SfH sitt møte fredag 4. desember. Ingebjørg melder på.

Sak 39/09: Fellingsresultat – 2009  
Fellingsresultata for villreinjakta 2009 er gjennomgått. Fjellstyret seier seg nøgd med 60,3 % felling.

Sak 40/09: Hyttene  
Stengerunden i haust syner at det må ved og gass inn til alle hyttene og søppel må heim. Me må og ha ei revidering av oppbevaringsboksane i Hellevatnet.  
Ninive: Helleik – ved og gass, søppel heim  
Gamlebua og Eriksbu: Torleif – 1 favn ved + gass, søppel heim

Sak 41/09: Drift av fjellstyret  
Det er med smerte me må meddela at Magnus ikkje kan ta del i fjellstyrearbeidet ei tid p.g.a sjukdom. Som nestleiar fungerer Ingebjørg no som formell leiar. Ho har ikkje tid til å bruka like mykje tid som Magnus på arbeidet som no vert meir fordelt på alle medlemma.

- Sak 42/09:** **Gamlevegen i Dyrskar, vårt ansvar?**  
Ei tett stikkrenne på gamlevegen over Ulevåbotnen utløyste ei uventa sak, som endte med at fjellstyret blei eigar av vegen og dermed ansvarleg for drift og vedlikehald. Me har aldri motteke dokumentasjon på overføring frå Statens vegvesen og undrast over kva for heimel som tillet dette – brev går attende med førespurnad om dokumentasjon.
- Sak 43/09:** **Revidert forvaltningsplan – Hardangervidda nasjonalpark**  
Røldal fjellstyre har vore representert gjennom SfH i prosessen. Arbeidsgruppa var ikkje nøgd med dei konkrete drøftingane som dei meinte var styrt av politiske føringar og ”kasta korta”. Odda kommune handsama saka 11.11.09.
- Sak 44/09:** **Skriv og meldingar**  
Rauland fjellstyre – møtebok 09.11.09  
Øvre Nummedal fjellstyre – møterefertat 12.11.09
- Sak 45/09:** **Moglege andre saker**  
Generell drøfting av verksemd og økonomi i oppsynet.

